

Årsrapport Atheno 2020 – til Vestland Fylkeskommune

Atheno AS utøver næringsarbeid for Vestland Fylkeskommune og i tråd med Partnerskapsavtalen.

I hovudsak går arbeidet på inkubatorverksemd knytt til oppstartsselskap og SMB bedrifter i vekst og enkeltstående avtalte oppdrag knytt til forretningsmessige innovasjonar.

Kva har me oppnådd:

Atheno har i 2020 hatt høg aktivitet i alle prosjekt, sjølv om året har vore prega av pandemien Covid-19. Det har vore fokus på å utvikla ulike møtestadar mellom ideeigarar, oppstartsbedrifter og meir modne bedrifter. Dette i tillegg til verkemiddelapparat, investormiljø og andre ressursar som tilsaman er viktige for å utvikla eit sterkt økosystem rundt inkubatoren. Ulike opplegg har vore gjennomført i kombinasjon av fysiske og digitale samlingar.

Atheno - inkubator har eit tydeleg fokus på å vera eit kraftsenter for entreprenørskap og innovasjon.

Innan idear/etablerarar har ein hatt om lag 200 ideeigarar/etablerarar i systemet. Idear er i større grad enn før knytt til maritim teknologi og bærekraft, men det er generelt sett god breidde innan ulike bransjar.

Atheno Inkubator:

Inkubatoren til Atheno har også i 2020 arbeida godt, med gode resultat.

Med ekstra fokus retta mot maritim grøn teknologi (eigen satsing i samarbeid med Maritim Clean Tech og Sustainable Energy Catapult), så blei resultatata for 2020 slik:

26 bedrifter i PreInkubasjon

25 bedrifter i Inkubasjon

19 forretningsmessige innovasjonar i etablerte bedrifter

Året vart prega av Covid-19 når det kjem til arrangement og rådgjeving. Det har vore gjennomført ein auke innan rådgjeving -bla. mange fleire bedrifter som har søkt om ekstraordinære C-19 midlar i verkemiddelapparatet, samt noko krisehandtering hjå etablerte bedrifter.

I tråd med fokus-områda i inkubasjon er det gjennomført ulike arrangement:

Ulike webinar innan forretningsutvikling, krisehandtering, tiltak knytt til covid-19 og marknadsarbeid i krisetider.

Ulike kurs: StartOpp/ Fra ide til marked (IN), Sosiale medier, Økonomikurs, Profesjonelle styre, IPR kurs og Vekstprogram.

Det er lagt til rette for og gjennomført månedlege og ukentlige kontordagar med representantar frå Norges Forskingsråd og Innovasjon Norge. Dette har vore ekstra viktig dette året, og gitt positive synergjar for både ny-etablerte og etablerte bedrifter. Møta har i hovudsak vorte gjennomført digitalt.

Investorkultur i Sunnhordland og auka tilnærming mot forskingsmiljø/akademia er i utvikling og er eit fokusområde inkubatoren arbeider langsiktig med.

Atheno har nytta si eiga Facebook side som den viktigaste marknadsføringskanalen, i tillegg til ulike presseoppslag.

Nettsidene som vert nytta er: www.atheno.no